



Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref 2018/18/5/033	Dykker ref: «REF»	Saksbehandlar Andrea Brennhaug	Dato 09.02.2018
--------------------------	----------------------	-----------------------------------	--------------------

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

Møtestad: Bipsen
Møtetid: 09:00 – 11:00
Referent: Andrea Brennhaug

Referat frå møte i Brukarrådet den 9. februar 2018

Sakliste:	
Sak nr. 5/18: Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjenning av referat.	
Sak nr. 6/18: Ordføraren var innbeden til møtet.	
Saker som var drøfta:	
<ul style="list-style-type: none">- Utgreiing om spesialisthelsetenestetilbodet i Nord-Gudbrandsdal.- Evaluering legevaktordninga.- Tannhelsetenesta – tannregulering.	
Sak nr. 7/18: Befaring 1 – 10 skulen.	
Sak nr. 8/18: Endring i politisk organisering i Skjåk kommune – samanslåing av to hovudutval.	
Sak nr. 9/18: Årsmelding for Brukarrådet 2017.	

Sak nr. 5/18:
Brukarrådet hadde ingen merknad. Referat godkjendt.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Sak nr. 6/18:

Ordførar møtte i Brukarrådet og orienterte om punkta som var sett på saklista. Det vart snakka saman om dei forskjellige punkta, og det vart vist til felles formannskapsmøte for Nord-Gudbrandsdalen den 8. februar, der fleire av punkta hadde vore diskutert. Ordførar orienterte. Det var semje om at handlingsplanar for NGLMS såg positive ut. Det vart vedteke å behalde legevaktordninga slik ho er i dag under felles formannskapsmøte den 8. februar.

Sak nr. 7/18: Brukarrådet var på befaring ved nyskulen. Dei var svært nøgde med det nye bygget.

Sak nr. 8/18: Sjå vedlagte sak frå e-phorte.

Sak nr. 9/18: Årsmeldinga samrøystes godkjendt.

Leiar i eldrerådet har vore i kontakt med Reidun Aaboen og sagt at rådet ynskjer meir samarbeid med Brukarrådet. Dei to leiarane arbeider med saka.

Fylkeskonferansen blir i år halde 19. og 20. april.

Politiske saker som Brukarrådet blir bedne om å uttale seg om blir frå dette møtet handsama i sakshandsamarsystemet E-phorte.

Kopi til:
Svein Holen

	Skjåk kommune	Arkivsak: 2017/349-2 Arkiv: 033 Saksbehandlar: Svein Holen Dato: 18.01.2018
---	----------------------	--

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
	Eldreråd	
7/18	Kultur- og oppvekstutvalet	06.02.2018
8/18	Brukarråd	09.02.2018
2/18	Helse- og omsorgsutvalet	15.02.2018
21/18	Miljø- og næringsutvalet	08.02.2018
	Formannskapet	
	Skjåk kommunestyre	

Endring i politisk organisering i Skjåk kommune - samanslåing av to hovudutval

Saksdokument

- Kommunestyresak 82/17 19.12.2017 – Økonomiplan 2018 – 2021 (ikkje utsendt)
- Kommunestyresak 39/17 02.05.2017 – Endring av medlemstal i Skjåk kommunestyre (ikkje utsendt)
- Kommunestyresak 70/16 29.09.2016 – Reglement for delegering (ikkje utsendt)

Saksutgreiing

I kommunestyret sitt vedtak om økonomiplan 2018 – 2021 heiter det i pkt. 1 j):
«Det skal i 2018 startast ein prosess for å vurdere å slå saman KO og HO til KOO (87 000)».
 Dette betyr å slå saman Hovudutval for kultur og oppvekst med Hovudutval for helse og omsorg, og det er stipulert ei økonomisk innsparing på kr 87 000 med dette.

Kommunestyret sitt høve til å opprette faste utval og definere oppgåver og mynde er heimla i kommunelova § 10.

Skjåk kommune har i dag tre hovudutval; Hovudutval for miljø og næring er det tredje. Mynde og oppgåver er delegerte frå kommunestyret og går fram av Reglement for delegering pkt. 5. Kommunestyret har tidlegare, i sak 70/16, gjort vedtak om å redusere talet på medlemmer frå sju til fem frå neste kommunestyreperiode, altså frå hausten 2019.

Talet på saker til behandling i hovudutvala og formannskapet dei to siste åra fordeler seg slik:

	2016	2017
Helse og omsorg	17	8
Kultur og oppvekst	49	47
Miljø og næring	71	100
Formannskapet	140	103

Vurdering

Ut frå saksmengd er det logisk å slå saman dei to aktuelle hovudutvala. Behovet for økonomisk innsparing er også argument for dette. Samtidig vil ansvarsområdet auke vesentleg og omfatte størstedelen av det kommunale tenesteapparatet, noko som kan ha både fordelar og ulemper. Det at dei ulike tenestene blir sett meir under eitt kan skape større heilskapleg forståing og betre grunnlag for prioriteringar. Det nye utvalet må likevel sørge for at også dei «små» tenestene får tilstrekkeleg merksemd. Ut frå ei samla vurdering vil rådmannen anbefale at det to hovudutvala blir slegne saman.

Ulike tilskottsordningar innan kulturområdet er etter gjeldande reglement delegert til rådmannen, men sakene har etter «gamal sedvane» likevel vorte lagt fram for hovudutvalet for avgjerd. I løpet av 2018 blir stillingsressursen som kulturkonsulent redusert frå heil til halv stilling, og rådmannen ser det nødvendig å effektivisere saksbehandlinga ved at gjeldande praksis blir endra og innretta etter reglementet.

Ein del politiske saker innan kulturområdet vil naturleg høyre inn under det nye hovudutvalet, t.d. saker innanfor tenestene kulturskule, bibliotek m.m. Andre saker kan ha karakter av å vera overlapping mellom kultur og næring, som tilskott til kommersielle festivalar og arrangement, og dermed sortere under Hovudutval for miljø og næring sitt område.

Det blir ikkje vurdert som problematisk om kultursakene blir handtert i to ulike hovudutval, alt etter type saker.

Rådmannen foreslår vidare at Hovudutval for miljø og næring endrar namn til Hovudutval for teknisk, miljø og næring. Dette endrar ikkje ved ansvarsområdet eller oppgåvene slik dei blir handterte i dag, men vil vera meir dekkjande for kva for sakstyper som høyrer inn under utvalet.

Rådmannen si innstilling

Skjåk kommunestyre vedtek at

1. Hovudutval for kultur og oppvekst og Hovudutval for helse og omsorg blir slegne saman til eitt nytt Hovudutval for helse, oppvekst og omsorg (HOO).
2. HOO får sju medlemmer ut kommunestyreperioden 2015 – 2019. I neste periode blir medlemstalet redusert til fem medlemmer, i tråd med vedtak i kommunestyresak 39/17.
3. HOO får følgjande medlemmer: Leiar: Nestleiar:
Medlemmer: Sju varamedlemmer:
4. Hovudutval for miljø og næring endrar namn til Hovudutval for teknisk, miljø og næring (TMN).
5. Endringane blir sette i verk frå 01.04.2018.

Behandling i kultur- og oppvekstutvalet – 06.02.2018

Nytt forslag frå Håvard Krogstad Berger:

- Hovedutval KO og HO held fram som i dag.
- Punkt 4 og 5 som rådmannen si innstilling.

Vedtak i kultur- og oppvekstutvalet – 06.02.2018

- Hovedutval KO og HO held fram som i dag.
- Punkt 4 og 5 som rådmannen si innstilling.

Samrøystes.

Vedtak i Brukarråd - 09.02.2018

1. Brukarrådet sluttar seg til rådmannen si innstilling mot 2 røyster.
2. Brukarrådet ynskjer at det blir 7 medlemmar i hovudutvala. Samrøystes.
3. Brukarrådet kjem ikkje med forslag.
4. Brukarrådet går inn for rådmannen si innstilling. Samrøystes.
5. Brukarrådet vedtok innstillinga til rådmannen mot to røyster.

